

ORDNING FOR

Vigsling av diakon

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Orientering

1. Denne ordninga vert bruka ved vigsling av diakonar i kyrkjelyden. Vidare brukar ein ordninga ved vigsling til diakonale tenester som kyrkja vår kallar til.
2. Vigslinga går føre seg i ei gudsteneste i kyrkjelyden.
3. **L** liturg, og leiar av vigslinga, er pastor eller eldste i kyrkjelyden.
D den eller dei som skal vigslast til diakon(ar)
L og **D**, og dei som assisterer ved handlinga, tek plass fremst i kyrkja når handlinga tek til.
4. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho, han / henne, det / dei / osv.
5. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønnerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpa dei frammøtte til å tru Guds ord og vilje..
6. Ved attval vel ein ei enkel forbønshandling.

1 Salme

Handlinga tek til med ein passende salme/ song. Dei som skal ta del, tek plass framme.

2 Presentasjon og bøn

Her kan ein seia:

L Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

L Kyrkjelyden har kalla (namn) til teneste som *diakon*.

Den som skal vigslast, reiser seg når namnet vert nemnt.

L I dag skal *denne medarbeidaren* vigslast til *diakon* under handspålegging og bøn.

Her kan ein be:

L Lat oss be.

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi vi ved din nåde vert kalla til å vera dine medarbeidarar. Vi bed deg no at du ved din Heilage ande vil opplysa og rettleia, trøysta og styrkja *denne tenaren din*, som i dag vert vigsla til teneste som diakon. Gjev *henne/han* og alle dine tenarar å utføra tenesta i truskap mot deg og i kjærleik til kyrkjelyden og dei menneska *hol/han* skal tena.

Den som skal vigslast, set seg.

3 Skriftlesing

L Lat oss høyra kva Guds ord seier om tenesta.

To av følgjande tekstar vert lese av dei som assisterer.

L Det står skrive i

- a) 1 Tim 3,8-13 eller Joh 13,12-17
- b) Rom 12, 6-17
- c) Luk 22,24-27
- d) Gal 6,9-10
- e) 1 Joh 3,17-18

Liturgen avsluttar skriftlesingane med:

Slik lyder Herrens ord.

4 Vigslingstale

Den som leier handlinga, held ein kort tale over ein passende tekst, gjerne ein av dei som er lese.

Etter talen går den som skal vigslast, fram. Dei som assisterer, reiser seg.

5 Lovnad

L Når Herren no tiltrur *deg* ei teneste som diakon, pålegg og formanar eg *deg* at *du*

- tener Herren med glede og med den styrken han vil gje,
- vier *deg* til den tenesta *du* skal utføra og gjer det med iver og truskap,
- viser venleg mildskap mot dei du skal tena og samarbeida med, etter Jesu Kristi førebilete
- held *deg* nær til Herren Jesus ved å søkja han i bøn og ved at *du* legg vekt på å leva etter Guds ord,
- og i all di gjerning legg vinn på å byggja fellesskap i kjærleik.

(Namn), lovar du for Guds åsyn og i nærvær av denne kyrkjelyden at du vil gjera dette med truskap, ved den nåde og kraft som Gud vil gje deg?

I Ja

L Så gjev meg handa på det.

Den som vert innsett, stadfestar lovnaden med handslaget.

6 Handspålegging og bøn

L Vi vil nå be om at Gud ved sin Ande må helga og utrusta *deg* til tenesta.

Den som skal vigslast knelar. Dei som deltek i forbøna, legg handa på hovudet hennar/hans og bed ei kort bøn kvar. Liturgen avsluttar med bøn, for eksempel:

L Miskunnsame Gud, himmelske Far. Vi takkar deg for den tenaren du har gjeve oss i *hennelhan* som her knelar for ditt åsyn. Send *hennelhan* din Ande med gåver til tenesta, så *holhan* kan bli ein rett og god tenar som diakon i kyrkjelyden vår. Gjev *hennelhan* visdom og klokskap i forvaltinga av oppdraget *holhan* har fått. Ver med *hennelhan* i motgang og prøvingar, gjer *hennelhan* tolmodig og audmjuk og hjelp *hennelhan* til å lita på deg under alle forhold. Gjev *hennelhan* å tena deg slik at kyrkjelyden din blir oppbygd, at menneske får hjelp og støtte og ditt namn blir æra.

A Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

Den nye diakonen reiser seg.

7 Framstilling og formaning til kyrkjelyden

L Kjære kyrkjelyd.

Då framstiller eg (namn) som innsett til teneste som *diakon* i kyrkjelyden vår. Tak imot *hennel/han* i kjærleik og be for tenesta *hennar/hans*.

8 Salme